



Vår saksbehandlar
Gunn Helen Henne – tlf 57 65 51 37
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato
01.06.2005
Dykkar dato

Vår referanse
2004/1956 - 542.1
Dykkar referanse

Flokenes Fiskefarm AS
Flokenes
6983 KVAMMEN

Flokenes Fiskefarm - løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Dyvika i Askvoll kommune

Vi viser til søknad dagsett 2.2.2004, oversendt frå Fiskeridirektoratet region Vest 15.12.2004 og komplettert med resipientgransking 26.5.2005. Det blir søkt om utviding av merdanlegg til 1560 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) for laksefisk på lokaliteten Dyvika i Askvoll kommune.

Søknaden har i følgje Askvoll kommune vore på offentleg høyring i tida 20.2. til 20.3.2004. I følgje kommunen har det ikkje kome inn merknader til søknaden. Kommunen tilrår løyve til utviding som omsøkt.

Med heimel i § 18 i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr. 6, blir utsleppsløyve dagsett 24.5.2000 oppheva. Med heimel i § 11, jf. § 16 i same lov gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Flokenes Fiskefarm AS (org.nr. 958 608 837), løyve på nærare vilkår til utslepp til luft og vatn frå eit anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved:

Lokalitet og kommune	Storleik og type	Art (ar)	Kartreferanse UTM (EUREF89)
Dyvika i Askvoll	1560 t MTB, merd	Laks, Regnbogeaure	1117-1 (32V) 306950 6821450
For fylkesmannen:		REGINE (vassdragsnummer): 084.520 Kystzone: 02.81.01.02.02	

./.. **Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagte vilkår vert følgde.** Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet først tek til å gjelde dersom anlegget får konsesjon etter oppdrettslova. Gjenpart av dette løyveskrivet blir difor send til regionkontoret ved fiskeridirektoratet.

Orientering om tidsfristar for nokre tiltak (jf. vilkåra):

Tiltak	Tidsfrist	Tilvising til vilkår
Sende utfylt ansvarskjema i retur	Straks endeleg avgjerd er teke av Fiskeridirektoratet	1
Resipientgransking	Innan 30.6.2010, og deretter minst kvart 5. år	2

Bakgrunn for saka

Flokenes Fiskefarm AS fekk tildelt ein ny konsesjon ved førre konsesjonsrunde (2003), knytt til lokaliteten Storevik. Verksemda har i samband med tildelinga søkt om å få utvida storleiken på produksjonsvolumet ved sine tre lokalitetar i Førdefjorden: Storevik, Skorva og Dyvika, frå 12 000 m³ til 24 000m³, tilsvarande 1560 tonn MTB.

Fylkesmannen har i dette skrivet vurdert om ureiningslova gjev høve til omsøkt volumauke på lokaliteten Dyvika, og kva slags vilkår for drifta som er nødvendig i høve til denne lova. Vi har også vurdert om det er endringar i konsekvensar for natur, miljø og friluftsliv i høve til tidlegare handsaming av søknader om oppdrett på denne lokaliteten.

Miljøfagleg uttale

Vi har i samla fråsegn til Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane (no Fiskeridirektoratet, Region Vest) dagsett 20.4.1993 gjort vurderingar av kva konsekvensar oppdrett på lokaliteten Dyvika har for natur, miljø og friluftsliv. Vi rådde den gongen frå ei etablering av oppdrettsanlegg for laksefisk ved Dyvika, med grunngeving i omsynet til villfiskstammene i Jølstra og Nausta. Frårådinga vart ikkje tatt til følge, og det vart gjeve løyve til etablering. Bortsett frå i høve til villfisken vart ikkje etableringa vurdert som meir konfliktfylt i høve til naturvern, friluftsliv og viltinteresser, enn at etablering var forsvarleg med visse vilkår. Fylkesmannen kjenner ikkje til at det er kome fram nye opplysningar som gjer det naudsynt å kome med ei ny samla fråsegn i samband med denne utvidings søknaden. Vi ber om at vilkår om montering av måsenett og rapportering av ev. viltskadar vert tekne med i eit ev. løyve frå Fiskeridirektoratet Region Vest.

Førdefjorden er teken med som nasjonal laksefjord i forslag til ferdigstilling av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Alle verksemda sine tre lokalitetar ligg innanfor forslaget til grense for den nasjonale laksefjorden. Dersom høyringsforslaget blir vedteke vil dette medføre at det ikkje skal tillatast *etablering av nye* konsesjonar for matfisk/ stamfisk av laksefisk eller *innflytting av eksisterande* slike konsesjonar i området som laksefjorden omfattar. Det kan verte sett ekstra/ strengare krav til rømmingssikring, helsekontroll og lakselustiltak for eksisterande konsesjonar. Ved behov for ekstra lokalitetar for eksisterande konsesjonar skal dette kunne tillatast, men dei skal ligge minst 5 km frå nasjonalt laksevassdrag. Produksjonsvekst innanfor nasjonale rammevilkår vil vere tillete.

Fylkesmannen meiner at omsøkt utviding er i tråd med dei føringane som er gjevne for oppdrett i nasjonale laksefjordar. Ei utviding på lokaliteten Dyvika vil ikkje føre til samla auke i produksjonsmengda innanfor det føreslegne området for nasjonal laksefjord, ettersom den nye konsesjonen allereie var gjeldande på lokaliteten Storevik ved søknadstidspunktet. Utvidinga vil gjere det mogeleg for verksemda å drive meir effektivt innanfor dei produksjonsrammene som er sett.

Vi presiserer at oppdrettar også i område som ikkje kjem inn under nasjonale laksefjordar pliktar å gjere alle mogelegge tiltak for å verne vill anadrom fisk mot parasittar og sjukdom.

Grunngeving for avgjerda

Dette løyvet avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar nokon måtte ha i omsøkt område. Ev. oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettar.

Lokaliteten Dyvika ligg relativt opent til ved sørsida av Fjørdefjorden, i område avsett til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Botnen under anlegget skrånar ut frå land. Resipient- og straumtilhøva på lokaliteten er undersøkt i samband med denne søknaden.

Straumen på lokaliteten er målt i fjorden like utanfor anlegget, og viser god vassutskiftings- og spreingsstraum. Straumen både oppe i vassøyla (7m) og lenger nede (31m) har hovudretningar ut- og innover fjorden langs landet, med overvekt utover fjorden. Det er ikkje målt botnstraum.

Resipientgranskinga som er gjort i samband med søknaden er av typen MOM C, og det er også tidlegare (1997) gjort ei gransking av typen MOM C på lokaliteten. MOM C-granskinga frå 1997 viste gode miljøtilhøve i dei djupare delane av fjorden, med normalt nivå av organisk innhald i sedimentet og høge diversitetsindeksar. Ved stasjonen nærmast anlegget var dyrelivet meir prega av artar som er typiske i område med stor organisk tilførsel, og indikerte eit samfunn litt ute av likevekt (SFT-klasse III – Mindre god). MOM C-granskinga frå 2005 viser at det framleis er gode miljøtilhøve i djupområda. Stasjon 2 frå 1997-granskinga ("mellom anlegget og land, på ca 60 meter") var ikkje koordinatfesta, og granskinga frå 2005 har ikkje lukkast i å få opp materiale frå dette djupet. Dermed er heller ikkje utviklinga på denne stasjonen kjent. Ein stasjon på 7 meter er undersøkt, med tilfredsstillande resultat. Dette er svært grunt, og seier ikkje nødvendigvis noko om miljøtilstanden i nærområdet til anlegget på djup som er mest sannsynleg mottakar av dei partikulære utsleppa frå anlegget. Vi oppmodar om at framtidige resipientgranskingar også må inkludere prøver frå området for stasjon 2 frå 1997, slik at miljøtilstanden for botnfauanaen i området som tidlegare er registrert å vere ute av likevekt vert følgt opp.

Lokaliteten Dyvika ligg ut mot opne delar av Fjørdefjorden, og fylkesmannen forventar ikkje at ei utviding vil føre til uakseptable miljøtilhøve, sjølv om det no vil bli auka produksjon i denne resipienten. Ettersom det ikkje er klarlagt om miljøtilstanden mht. botnfauanaen i området rundt anlegget er betra/ forverra sidan 1997 stiller vi krav om at det vert utført oppfølgjande granskingar av resipienten (svarande til MOM C-gransking etter Norsk Standard NS 9410) innan det er gått 5 år, for å sjå til at miljøet på lokaliteten ikkje vert vesentleg forverra over tid.

I vilkåra er det sett krav til miljøtilstand i resipienten. Det vil seie at verksemda må etablere eit program som vedvarande dokumenterer at utsleppet vil vere forsvarleg. Granskingane skal vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein kan samarbeide med andre som har utslepp til same område. Resultatet av analysane kan føre til at verksemda utan særskilt pålegg frå ureiningsstyresmakta pliktar å tilpasse drifta til resipientkapasiteten ved t.d. redusert drift eller lengre brakklegging mellom utsett.

Jamvel om resipienten synest å tole den organiske belastninga, er det viktig at nærområdet ikkje blir spesielt synleg påverka ved avleiring, påvekst el.l. Framtidig resipientgransking må dokumentere at overflatelag og stranda nær anlegget er i akseptabel stand. Kravet til strandsonegransking er lite omfattande, og omfattar berre ei omtale og gjerne ein biletdokumentasjon på synleg påverknad. Omtalen bør omfatte skildring av mogeleg feitt, grønne algar, lausøyre (forsøpling) og liknande tilhøve.

I vilkåra er det sett krav om at ein berre kan nytte mjukfôr eller tørrfôr. Definisjonane på desse fôrtypane er:

Mjukfôr/pellets: Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing. Som hovudregel skal tørrstoffinnhaldet i mjukfôr vere > 50 %. Nye fôrtypar med lågare tørrstoffinnhald, men som kan dokumentere tilsvarende gode eigenskapar i høve til oppløysing i vatn og ureining skal også kunne nyttast innanfor definisjonen mjukfôr.

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %.

Lysregulering av veksttilhøve er i mange høve til fordel for effektiv produksjonsauke. Slik lysbruk som ikkje er avskjerma har samstundes vist seg å vere til stor ulempe for nabolag. Kravet i vilkår 3.4 om lysavskjerming må difor sjåast i samheng med § 11, 4.ledd i ureiningslova.

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige utsleppsløyve til dette frå fylkesmannen. Ev. søknad må vere skriftleg og må innehalde omtale av m.a. korleis slammet er tenkt teke opp, transportert og disponert. Grunna smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast. Oppsamla slam skal om mogleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Avfall skal handterast på forsvarleg måte slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Tvilsspørsmål må takast opp med fylkesmannen. Nedgraving og forbrenning av avfall er ikkje tillate utan skriftleg løyve frå ureiningsstyresmakta.

Løyvet omfattar ikkje slakting, sløying eller pakking av fisk. Løyvet omfattar heller ikkje impregnering av nøter. Det er forbode å sleppe ut miljøskadelige kjemikaliar under vask og impregnering av oppdrettsnøter, jf. kap 25 i «forskrift om begrensning av forurensning» (ureiningsforskrifta), om ureining frå vask og impregnering av oppdrettsnøter. Det er unntak for reingjering av not på sjølve oppdrettslokaliteten. Dette gjeld grovreingjering før nota fjernast frå anlegget eller nota blir ståande/sett ut i sjøen igjen utan å påførast impregnering.

For nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikaliar, og det ved vask/ impregnering heller ikkje blir nytta miljøskadelege midlar, vil nøtene kunne vaskast og reimpregnerast på oppdrettslokaliteten om dette skjer på ein slik måte at ikkje miljøet blir påverka i særleg grad. Blir utsleppa vurdert som lite miljømessig forsvarlig, må utsleppa reinsast og restane av groe handsamast som avfall.

Det er verksemda sitt ansvar å halde seg oppdatert på dei kjemikalia som blir definert som miljøskadelege i samsvar med forskrifta om farlige kjemikaliar, jf. «forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)».

Ved vask/reingjering av nøter på oppdrettslokaliteten vil begroingsrestane søkke til botnen på staden, og utsleppa vil verke saman med andre utslepp frå oppdrettsanlegget (fôrspill, fekaliar, osv).

.....

Dersom auka produksjon blir vurdert, må ein søkje fylkesmannen om utvida utsleppsløyve før ny produksjon evt. kan starte opp.

Avsluttande reglar og informasjon

A) Endring, attendekalling av løyvet eller opphøyr av produksjon

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet, evt. at anlegget blir kravd flytta.

Dersom anlegget ikkje er etablert i samsvar med dette løyvet innan 2 år (jf. vilkår 3.7), skal fylkesmannen ha melding. Vi vil avgjere om produksjonen kan starte som opphavleg gitt løyve til, om det må søkjast på nytt eller om det er behov for endra vilkår før produksjonen kan starte.

B) Tilsyn og ansvar

Dersom de har tilgang til internett, finn de oversikt over aktuelle lover og forskrifter ved: <http://www.sft.no/>. Aktuelle lover og forskrifter som gjeld ureining og avfall kan De også tinge hos Statens forurensningstilsyn, p.b. 8100 Dep., 0030 Oslo. Ureiningslova ligg i fulltekst på: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19810313-006.html>.

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for å kunne føre tilsyn etter §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget blir halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, fiskeri- og veterinærlovgivinga. Merk at Kystverket må godkjenne installasjonar i sjø og kan setje krav til merking.

Alle verksemdar som sysselsett arbeidstakar, er pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik blir følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 6.12.1996). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

C) Konsekvensar ved brot på løyvet eller vilkår for løyvet

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltak og vilkår blir gjennomførde i samsvar med løyveskrivet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje blir råka av strengare strafferammer.

D) Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda blei mottatt. NB! Denne 3-vekers fristen tek først til å gjelde etter at avgjerd frå fiskeridirektoratet sitt regionkontor er motteke. Eventuell klage bør grunngjevast og må rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Gunn Helen Henne
førstekonsulent

Vedlegg:

1. Vilkår
2. Orientering (utfylt skjema skal sendast i retur til fylkesmannen)

Kopi m/vedlegg 1:

Fiskeridirektoratet Region Vest, e-post: postmottak.maloy@fiskeridir.no
Mattilsynet for Sunnfjord og Ytre Sogn, e-post: postmottak@mattilsynet.no
Askvoll kommune, e-post: postmottak@askvoll.kommune.no

Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Dyvika - Askvoll kommune

0 Innleiing

Føremålet med vilkåra til dette utsleppsløyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skader og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogeleg utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

1 Ansvar

Anlegget skal ha ein stadleg representant som er ansvarleg i høve til krav i dette løyve og generelle krav i høve til ureiningslova med forskrifter. Vedkomande skal ha god kunnskap om hovudprinsipp i ureiningslova, viktige krav og alle relevante forskrifter. Vedkomande må kjenne godt til innhaldet i Forskrift om systematisk helse-, miljø, og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) av 6.12.1996 og syte for overvaking og vedlikehald av internkontroll når det gjeld det ytre miljøet.

- ./ Den ansvarlege for løyvet skal før ny eller endra produksjon blir starta opp, returnere utfylt skjema (jf. neste vedlegg) til fylkesmannen. Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til fylkesmannen ved innsending av nytt skjema eller på e-post: post@fmsf.no. Skjemaet ligg også ute på våre nettsider : www.fmsf.no.

2 Miljøtilstand i resipienten

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsona til anlegget.

I sedimenteringsområde skal tilstandsklassa ikkje vere dårlegare enn klasse 2 (jf. SFT-veiledning 97:03) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

Innan 30.6.2010, og deretter kvart 5. år, må tilstanden i resipienten (nærområdet, overflatevatnet i influensområdet og djupvatnet, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde) kartleggjast og klassifiserast. Granskingar skal tilfredsstillende krav sett i Norsk Standard NS 9410¹ (Miljøovervåking av marine matfiskanlegg), men må utvidast som følgje av krav i dette løyvet eller etter særskild vedtak av fylkesmannen. Granskinga bør inkludere ei enkel strandsonesynfaring, der ein merker av synlege påverknader. Rapporteringa skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking.

Verksemda pliktar å koste eller delta i granskingar som fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt i resipienten (jf. § 51 i ureiningslova). Verksemda kan òg etter pålegg frå fylkesmannen måtte betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i området der anlegget er plassert.

¹ Standarden viser til NS9422, NS 9423 og SFT veileder 97:03 (eller seinare utgåve) som gjeld i tillegg.

3 Drift og driftsrutinar

3.1 Fôr. Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Fôrfaktor bør ikkje avvike vesentleg frå 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

3.2 Lukt. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

3.3 Støyavgrensing. Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa på følgjande måte:

Immisjonsstad	Støynivå ved mest støyutsett fasade	Støynivå ved mest støyutsett fasade, for søn-/helligdag (kl 07-23)	Støynivå ved fasade utanfor rom for støyfølsam bruk (kl 23-07)	Maksimalt støynivå ved fasade utanfor rom for støyfølsam bruk (kl 23-07)
Bustad, sjukehus, pleieinstitusjonar, hytteområde, skuler, barnehagar og rekreasjonsområde	53 dB	48 dB	40 dB	60 dB

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innfor vanleg arbeidstid dvs. kl. 7⁰⁰ - 16⁰⁰ måndag til fredag.

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 3 dB for støynivå ved mest støyutsett fasade alle dagar. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i "Støyhåndboka" TA-1827/2001 eller seinare utgåve.

3.4 Lys. Lys som blir nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

3.5 Lagring av medisin og kjemikaliar. Medisin, insekticid og andre kjemikaliar skal lagrast slik at det ikkje er fare for spill eller søl til miljøet.

Lagringsstad må formast slik at evt. utslepp/spill/søl kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

3.6 Akutte utslepp. Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osb.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal brannvesenet varslast i samsvar med krav i varslingsforskrifta². Fylkesmannen skal varslast så snart som råd.

3.7 Eigarskifte. Ved eigarskifte, inklusive ny eigar etter ein konkurs, må det gjevast melding om dette til fylkesmannen innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.

² "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning.", Miljøverndepartementet 9.7.1992

3.8 Nedlegging, opphøyr, mellombels stans eller utsett oppstart. Før lokaliteten blir forlate, pliktar den ansvarlege å rydde opp alt etterlate lausøyre, kasserte gjenstandar og anna avfall, syte for levering til godkjent mottak og såleis setje området i stand utan teikn til forsøpling eller etterlating av spesialavfall.

Dersom endra produksjon i samsvar med dette løyvet ikkje har starta opp innan 2 år etter ein konsesjon frå fiskeridirektoratet, må det sendast melding til fylkesmannen før ny produksjon kan starte. Fylkesmannen vil vurdere om det må søkjast om nytt utsleppsløyve.

4 Avfall og slam

4.1 Organisk produksjonsavfall. Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.m. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Død fisk skal takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarende.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

4.2 Medisin og kjemikalrestar. Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

4.3 Anna avfall. Farleg avfall, samt emballasje, plast, papir, isopor, og anna produksjonsavfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1 og 4.2 skal mellomlagrast på forsvarleg måte, og leverast til godkjent avfallsmottak for slike avfallstypar. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar.

5 Rapportering

5.1 Journalføring. Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- * Fiskemengde
- * Fôrtype og fôrforbruk
- * Mengde rømt fisk
- * Mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- * Mengde død fisk
- * Avfallsmengder og disponeringsmåtar

* Bruk av:

- Antibiotika, type og mengde
- Insekticid, type og mengde
- Andre kjemikal, type og mengde

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg for kontroll.